

## Årsmelding 1996 - Keipen Turlag Bremanger kommune.

Keipen Turlag har pr. dato 8/ medlemmar.

Årsmøte vart halde i «Trudvang» på Kjelkenes 09.01.96. Referat frå årsmøtet, årsmelding, rekneskap, budsjett, reviderte vedtekter og turplaner for 1996 vart sendt ut til alle medlemmane i turlaget.

Laget har hatt 1 styremøte. Elles har leiar, sekretær og kasserer teke seg av lagets administrasjon slik at turannonsering, postbehandling og anna nødvendig arbeid har gått greit. Vi har ikkje hatt store saker å behandle i år.

Anleggsaktiviteten har vore mindre enn tidlegare år. Det kjem av at det meste av stiarbeidet og merkearbeidet vi har hatt løyve til å utføre, no er ferdig. Den siste turstien som er gjort ferdig i år er «Rundturen» frå Sande til Villabakken. Denne stien går i trase` til gamle tømmervegar og anleggsvegar og er blitt ein flott tursti. Leif Valberg skal ha æra for at denne stien, som så mange andre stiar, er blitt til.

Kursaktivitet: Jostein Nygård og Roald Apalseth har vore på turleiarkurs. Kurset var i juni på Nye Blåbrebu.

Turaktivitet: Mange av dei oppsette turane i år måtte avlystast. Det begynte med snømangel under vinterturane og fortsette med styggever og skodde på sommarturane. Vi har likevel registret 211 turgåarar på dei organiserte turane våre. Det som samla flest i år var fotturen til Hornelen (41 personar). Den dagen vart det òg strålende ver. Elles fekk turlaget mange besøkande til ope hus på Knekkevasshytta (46 personar). Elles blei ein del av onsdagsturane fine og interessante. I indre fokuserte vi på setrane i år, i ytre gjekk vi etter omtrent samt turopplegg som forrige år.

Representasjon. Anne Turid Ljungren og Oddmund Leirvik var utsendingar til årsmøtet i Sogn og Fj. Turlag på Skei i januar.

Jon Brekke og Aud Myren representerte Keipen Turlag på opninga av nye Blåbrebu i august. Der vart det overrekt gåve frå turlaget.

Sissel Sandvik Igland og Olga Aarsnes var utsendingar til Fellesmøtet i Batalden i november.

Leif Valberg og Tor Zachariassen som gjennom mange år har gjort ekstra stort arbeid for laget og fellesskapet med rydding og merking av stiar har i år fått gåve frå turlaget med takk for stor innsats.

Leiaren takkar for eit hyggeleg turår 1996.

Keipen Turlag

Bremanger kommune

*Oddmund Leirvik*

Oddmund Leirvik

leiar.

Svelgen, 25.11.96..